

Skann av hefte utgitt i 1998


# VOLBU STAVKYRKJE OMLAG 1250 - 1830

Hefte med utstillingstekst

English: page 17-18  
Deutsch: seite 19-20

# VOLBU STAVKYRKJE

OMLAG 1250 - 1830



Hefte med utstillingstekst



## FØREORD

Dette vesle heftet fylgjer utstillinga «Volbu stavkyrkje». Det gjev stort sett att utstillingsteksten.

Ikring 1940 vart golvet i Volbu kyrkje skifta ut, og ein god del materialar frå nedrivne Volbu stavkyrkje vart tekne ut. Materiala vart registrert av riksantikvaren, og sidan lagra i den gamle kyrkjestallen. Sperrebindet, som er utstilt, skal ha vore brukt i eit tidlegare våpenhus i noverande Volbu kyrkje.

Materiala vart liggjande i stallen. Ei tid var det tale om å bruke dei til ein rekonstruksjon av kyrkja, men det vart ikkje noko av.

Ynskje om betre og tryggare lagring av dei snart 750 år gamle plankane vart stadig større. Difor vart båret utvida i 1994-95

Med i komiteen for å få til ei har utstilling har vore Thorleiv Idstad, Nils Kåre Berg, Einar Moen og Tore Samuelsen.

## VALDRES FOLKEMUSEUM

Kjell Goflebakke (trearbeide)  
Gunnar Gjevre (trearbeide)

Monika Paasche  
Frode Rolandsgard

---

Utstillinga er laga av  
Valdres Folkemuseum i januar 1998



etter skisser og hjelp frå  
Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU

---



# VOLBU STAVKYRKJE

omlag 1250 - 1830

I denne utstillinga ser ein bevarte materialar frå Volbu stavkyrkje. Kyrkja vart riven mot slutten av 1820-talet.

Den nye Volbu-kyrkja vart reist der den gamle stavkyrkja sto. Materialar frå gamlekyrkja vart nytta i den nye kyrkja:

- Ein del vart brukt i klokketårnet, i våpenhuset, i takkonstruksjonen og i kyrkjegardsporten.
- Det meste vart brukt i golvet. (Då dei skifta golvet ikring 1940 vart plankane som opphaveleg var frå stavkyrkja, tekne ut.)

Til bruk i den nye kyrkja måtte dei tilpasse plankane, og mange er tilskorne og tilhogde. Det kan vere vanskeleg å skjønne kva dei opphavleg har vore brukte til.

Nesten 150 år bruk av plankane i den nye kyrkja har sett spor. Veggplankane nærast utgangen syner t.d. klare merkje etter altarringen, og i mange av plankane er det hogd ut for golvbjelkane. Andre merkje kan de leite etter og tyde sjølve.

Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU, har registrert og kommentert materiala, og slik gjeve ein peikepinn om tidlegare bruk.

VELKOMNE!

# STAVKYRKJENE

I 400 år, frå midten av 1100-talet til reformasjonen, vart det bygd stavkyrkjer i Noreg. Stavkyrkjene er kjenneteikna ved at høge stolpar eller stavar kviler på sviller. Stolpane er i toppen bundne saman av stavlægjer. Veggborda er felt inn i desse.

Det er fleire typer stavkyrkjer. Dei enklaste har fire hjørnestavar i skipet og to i koret. Hedalen stavkyrkje var av denne einskipa typen.

Perspektivteikninga syner skipet i ei slik kyrkje. (Fig. 1)




Fig. 1





Fig. 2

I den mest utvikla stavkyrkjetypen er midtrommet lyfta opp på høge stavar som står fritt i kyrkjerommet. Lengdesnittet av Borgund stavkyrkje gjev eit godt døme på denne typen. (fig. 2)



Oppmålingsteikningane av grunnplan (fig. 3) og fotografi av Borgund stavkyrkje (Fig. 4) syner denne treskipa stavkyrkjetypen.



Slike stavkyrkjer vart bygd omlag i perioden 1150 - 1250.



Fig. 4

Legg merke til det lyfta midpartiet på Borgund stavkyrkje.

## STAVKYRKJENE I ØVRE VALDRES

Dei bevarte stavkyrkjene i øvre Valdres har alle vore av Borgundtypen, men dei har hatt sume særtrekk:

- Berre dei fire hjørnestavane i midtrommet av skipet vart ført ned på golvet. Mellomstavane enda på ein såkalla «lang», omlag 4 meter over golvet. Her vart dei stiva av med «Andreaskross» (Fig. 5)
- Kyrkjene fekk slik eit opnare rom. Høre, Lome, Vang og Øye stavkyrkjer har alle berre 4 stavar som går ned i golvet. Den noko eldre Hegge stavkyrkje skil seg frå hovudmønsteret i øvre Valdres, og har 8 stavar.

På denne skissa av grunnplanet til Lomen stavkyrkje (fig. 6), ser ein at berre dei markerte hjørnestavane går ned i golvet.




Fig 6




Fig 5

Tverrsnitt-teikninga av Høre stavkyrkje (fig. 5) syner korleis vekta av taket blir overført til hjørnestavane.



## KVA FORTEL KJELDENE OM KYRKJA I VOLBU?

### Skriftlege kjelder:

Eit mellomalderbrev frå 1316 fortel at presten Ivar i Volbu ættleidde to av sønene sine «firir væstre durum». Kyrkja hadde altså ein inngang frå vest.

Ein rekneskap frå 1665 fortel om ein stor reparasjon av svalgangane rundt kyrkja. Det var nødvendig med nye svillar og stolpar.

I 1686 nemner ein annan rekneskap spontekking av «det øverste tag». Professor Anders Bugge tolkar dette til at kyrkja har hatt lyfta midtparti, og difor har høyrte til den store stavkyrkjetypen, «søylestavkyrkjene». I arkivet hjå riksantikvaren ser ein at det i same rekneskap er nemnt «undertaget like under». Dette støt professor Bugges tankar, men avgjerande bevis får ein ikkje.


I 1686 var det òg galleri i kyrkja.

I 1740 «anskaffes 8 dører med gangjern». Dette kan vere at dei har skaffa dører til benkene i skipet. Eit vindauge vart òg sett inn på den «syndre lang Veg tedt ved Stolerne»

I 1790 vart kyrkja gjort større, det vart laga himling i koret, måla veggjar og tak i koret, og kyrkja fekk ny altartavle og preikestol.

Muntlege kjelder har lite å fortelja om stavkyrkja, men ein gamal mann som enno i 1911 hugsa ho, fortalde at ho var lita, og likna svært på Borgund stavkyrkje.

Arkeologar utførte ei mindre utgraving i samband med ein golvreparasjon i 1969. Det vart funne 14 myntar og nokre andre bygningsdelar og metallplater frå mellomalderen. Av myntane var den eldste frå kong Håkon Håkonssons tid (1217 - 63), og dei andre frå 1300-talet.



VOLBU KIRKE. UTGRAVINGSPLAN.

STENPADER OG STENFYLLINGER SOM KAN HA FORBINDELSE MED DEN REVISJE STAVKIRKEN ER TESNET INN. OMRÅDER MED FASTTRAMPET JORD ER PRIKKET. HØYDER ANSITT I CM UT FRA FASTPUNKT PÅ +100 PÅ KORÅPNINGENS TERSEL.

UTGRAVING AV TERSEL APRIL 1969. 1:50

Fig. 7

Utgravinga i 1969 gjekk berre ned til nivået for stavkyrkja. Grunnen kan difor skjule løyndomar om kyrkjekonstruksjon og -storleik. Utgravingsplanen (fig. 7) syner lengda på stavkyrkja, 12 meter, og kvar nordveggen har vore. Kyrkja har vore omlag så lang som Borgund stavkyrkje.



**Materialrestane** som er stilte ut her, kan fortelje ein del om den gamle kyrkja, t.d. om alder og storleik. I tillegg inneheld nykyrkja og kyrkjegardsporten delar frå gamlekyrkja.

Det er førebels ikkje utført nokon vitskapleg gjennomgang av materiala, med tanke på å seie noko om konstruksjonen av den gamle kyrkja.




Fig. 8

På denne skissa frå Borgund stavkyrkje (fig. 8) ser ein korleis den bevara sperra og veggplankane frå Volbu stavkyrkje kan ha vore plasserte.

Stavkyrkjeforskaren Roar Hauglid meiner at nabokyrkjene Lome og Høre vart bygde midt på 1200-talet. Det kan vere at Volbu kyrkje er frå same tid, men dateringa er usikker.

Førebels kan me ikkje seie sikkert om stavkyrkja i Volbu var einskipa som Hedalen og Reinli stavkyrkjer, eller om ho har vore treskipa som Høre, Lome, Hegge og Borgund stavkyrkjer. Vidare gransking vil kanskje gje fleire opplysningar om utsjånad og om byggetid.

Prosjektet «Norske kirker» hjå Norsk institutt for kulturminneforskning arbeider i januar 1998 med Volbu kyrkje. Svar på ein del av desse spørsmåla kan difor koma snart.

**VOLBU STAVKYRKJE** vart truleg riven like før 1830. Kallsboka frå 1848 fortel at kyrkja vart teken ned i 1820. Men andre kjelder frå same tid seier noko anna:

- I ein visitasprotokoll frå 1820 heiter det. «Annex Woldbue kan uden Uleilighet for den kirkeejendes Almue nedlægges og henlægges til Rogne Annex, eller i Fald dette ikke bliwer udført, maa Woldboe Kirkes Mangler strax afhjælpes»
- Frå ein bispevisitas i 1828 står det: «... hvorimod dens da tilstedeværende Medhjælper og Værge anførte (i 1820), at Menigheten vilde vedblive den, og saasnat mulig istandsætte den - er endnu i samme Stand; for altsaa at faa en Ende paa denne Uvishet gjøres dens Menighet herved til Pligt, enten at ingaae med Ansogning til Regjeringen 3 maaneder fra Dato om dens Nedlæggelse, eller og inden 3 Aar fra den tid at regne, at besørge dens Istandssættelse.»
- Etter prostevisitasen i Slidre i 1831 er følgjande skrive ned: «..... med Undtagelse av Volboe Kirke, der for Tiden er under Hovedreparation, og formodes den at blive færdig inden Juni Maanedes Udgang inneværende Aar.»

Mykje tyder difor på at nykyrkja vart bygd i 1830/-31, og at den gamle vart riven like før.

Den gamle kyrkja lever likevel vidare som del av det nye kyrkjebygget.



## VOLBU STAVKYRKJE, VIGSLA TIL ST. BLASIUS

Alle kyrkjer i mellomalderen vart vigsla til ein helgen. Stavkyrkja i Volbu var vigsla til Sankt Blasius, og ho vart ofte kalla Blås- eller Blasii- kyrkja.

I den katolske kalenderen er namne-dagen hans lagt til 3. februar. Historiske kjelder fortel at sokneprest Peder Hansen Abelsted (prest i Slidre frå 1724 - 1737) alltid preika i Volbu kyrkje på St. Blasii dag.

I Noreg kjenner me berre to kyrkjer som vart vigsla til denne helgenen, Volbukyrkja, og kyrkja i Skåbu i Gudbrandsdalen, som vart rive før 1781.



Utsnitt av antemensalet (altarforstykket) frå den gamle stavkyrkja, med bilete av St. Blasius. Det originale altarforstykket, truleg måla i fyrste halvdel av 1300-talet, står framfor altaret i noverande Volbu kyrkje.



## LEGENDA OM ST. BLASIUS

Blasius hadde rike foreldre, fekk ei kristen oppseding og vart utnemnd til biskop i Sebaste i Armenia i unge år.

Legenda fortel at han vart forfølgd av mennene til den heidenske keisaren Licinius. Biskopen gøymde seg i ei hule i sju år, men vart funnen og teken til fange. Medan han sat som fange kurerte han ein gut, som heldt på å bli kvalt av eit fiskebein, som hadde sett seg fast i halsen.

Denne delen av legenda er bakgrunnen for at Blasius vart gjort til helgen for dei halssjuke.

Biskop Blasius vart torturert og halshoggen av forfølgjarane sine i 316 e. Kr.

## NORSK TRADISJON PÅ ST. BLASIUSDAGEN 3. FEBRUAR



I Norden var St. Blasius lite kjend. Grunna det framandklingande namnet vart Blasiidagen etter kvart kalla for «Blåsmessedagen».

Mykje av den folkelege tradisjonen på St. Blasiusdagen er difor knytt til feiltolking av namnet hans til «Blås»-messe. Var det vind den dagen, vart det mykje vind heile året.

3. februar skulle ein ikkje bruke reiskap som dreidde rundt (rokk, slipestein, mølle). Det kunne gje sjukdomen «sviso» på folk og fe.

Ikkje noko levande måtte koma under open himmel før det var svidd med eit ljøs, som hadde brent Heilag tre kongars kveld (6. januar, 13. dag jul) ... «thi derved faae Kreature den Sygdom, kaldet Sviso, at de løbe om indtil de styrte».


Primstav



Primstaven kunne t.d. syne eit horn eller eit skip under fulle segl som merke for St. Blasii dagen. Stundom finn ein òg bispestaven som symbol for dagen, eller eit halvt krossteikn. Slik er det merka av på ein primstav frå Valdres, truleg frå Lomen, datert 1629.



## LEGENDA OM ST. BLASIUS



## KATOLSK RITUALE PÅ ST. BLASIUSDAGEN

Ein levande tradisjon i den katolske kyrkja i Tyskland på St. Blasiusdagen er slik i dag:

Presten held to vigsla ljøs i kross, velsignar den truande og seier:  
«Må Gud ved forbøn av St. Blasius fri deg for halssjukdom og andre onde»

---

### Litteratur og kjelder:

Kyrkjearkivet hjå Riksantikvaren, Oslo  
Kyrkjearkivet hjå Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU, Oslo

- Alver, Brynjulv, «Dag og merke», 1981
- Hauglid, Roar, «Norske stavkirker», 1976
- Holck, Per, «Merkedager og gamle skikker», 1994
- Jahnsen, Jahn Børe, «Slidredomen 800 år», 1987
- Jahnsen, Jahn Børe, «Bygget av levende stene», 1983
- Kirsch, J.P., «The Catholic Encyclopedia», 1913

Stavkyrkjeillustrasjonane er, om ikkje anna er nemnd, teikna av Håkon Christie, NIKU

---



*VOLBU STAVE CHURCH c. 1250-1830*

As the floor in the Volbu church had to be replaced about 1940, several parts from the old stave church were found underneath. The finds were registered, and subsequently stored in the old "church stable".

The years passed, and the wish to find better and safer storage for the 750 year old parts grew gradually stronger. During 1994-95 a small stave church museum was established.

The new church in Volbu was built on the same spot where the stave church once stood. A great deal of material from the old church was used in building the new one, for instance in the belltower, the entrance, the roofconstruction, in the churchyard gate and under the floor. Many of the old pieces were cut as they were used in the new building, making it difficult to find out which part of the stave church they had once belonged to.

Stave churches were built in Norway during a period of 400 years, from about 1150 until the reformation 1537. It is the special building technique used in these churches which makes them so unique. They consist of timber framework with standing wall planks. There are different types of stave churches, the simplest having an almost quadrangular ground plan. The more advanced type has a central nave between two rows of columns and aisles on both sides. The Borgund stave church is a well known example of this type. (Drawings can be seen in the museum-room). These churches were mainly built between 1150 and 1250.

The stave churches which still exist in the northern part of Valdres are of the second type.

Both written and verbal sources have given information about the old church in Volbu. A letter from 1316 reveals that the church had an entrance facing to the west. Book-keeping from the 17th and 18th century mentions repairs and rebuilding. An old man could still, in 1911, remember the old church to be small and very much like the one in Borgund.



Archaeologists carried out excavations under the floor of the new church in 1969. 14 coins, some pieces from the stave church and metal sheets from the middle ages were discovered. The oldest of the coins dated from the time of Håkon Håkonsson (1217-63), the others from the 14th century.

The excavations in 1969 did not extend beneath the floor of the stave church, so the ground below can still hide secrets, such as information about the size and construction of the old church.

Until now, the remaining parts of the church have not been examined by specialists to find out more about how it was constructed. In 1998 however, scientists will be studying the Volbu stave church, so we can hope for some answers to our questions in the near future.

Like every other medieval church, the Volbu stave church was also dedicated to a saint. The Volbu church was one of only two churches in Norway dedicated to Saint Blasius. Blasius is the saint for throat-illnesses, and the day of St. Blasius is the 3. of February.

The stave church was probably taken down shortly before 1830. Records from different visits by the bishop tell of repeated requests for the parish to repair the building. At last an ultimatum was presented; either they would have to repair the church or the whole parish would be moved to the neighbouring church in Rogne. Apparently, the stave church was in such a poor condition that it was decided to build a new one.

The antemensale, or front piece of the altar, shows St. Blasius. This was moved to the new church, and still remains there to this day.



## VOLBU STABKIRCHE (ca. 1250-1830)

Als man um 1940 den Fussboden der Volbu Kirche erneuerte, fand man darunter Teile der abgerissenen Stabkirche von Volbu. Die Bauteile wurden vom Staatsantiquar registriert und danach im alten "Kirchenstall" gelagert.

Die Jahre vergingen, und der Wunsch einen besseren und sichereren Lagerort für die bald 750 Jahre alten Bauteile zu finden, wurde immer stärker. In den Jahren 94-95 hat man darum ein kleines Stabkirchenmuseum geschaffen.

Die "neue" Kirche von Volbu wurde an der gleichen Stelle aufgebaut, an der einst die Stabkirche stand. Man hat einiges an Material von der alten Kirche wiederverwendet, z.B. im Glockenturm, im Eingangsbereich, in der Dachkonstruktion, im Torportal und als Unterboden unter dem neuen Holzboden. Manche der alten Teile wurden beim Neubau zugesägt, und es ist damit heute schwierig zu bestimmen was sie einst für einen Zweck gehabt haben.

In einem Zeitraum von 400 Jahren, von ungefähr 1150 bis zur Reformation in 1537, hat man in Norwegen Stabkirchen gebaut. Sie sind durch ihre spezielle Bauweise gekennzeichnet. "Stäbe" (Balken) bilden ein hölzernes Skelett, und die Wände bestehen aus senkrechten Planken. Es gibt auch verschiedene Arten von Stabkirchen. Die einfachsten haben einen fast quadratischen Grundriss mit vier Eckstäben für das Kirchenschiff und zwei für den Chor. Ein weiterentwickelter Typ hat ein hohes Mittelschiff, das auf einer Säulenreihe ruht. Die Stabkirche von Borgund ist ein gutes Beispiel. (Siehe Skizzen im Ausstellungsraum). Diese Kirchen wurden hauptsächlich zwischen ca. 1150 und 1250 gebaut.

Die noch existierenden Stabkirchen im nördlichem Teil von Valdres sind alle von diesem Typ.

Aus schriftlichen sowohl als auch mündlichen Quellen hat man einiges über die Volbu Stabkirche erfahren. Ein Brief von 1316 lässt daran schliessen, dass ein Eingang zur Kirche an



der Westseite lag. Buchhaltungsunterlagen vom 17. und 18. Jahrhundert dokumentieren Reparaturen und Umbauten. Ein alter Mann hat sich 1911 noch erinnern können, dass die Kirche klein war und sehr der Stabkirche von Borgund glich.

Archeologen haben 1969 eine kleinere Ausgrabung unter der neuen Kirche durchgeführt. Es wurden 14 Münzen und ein paar Bauteile samt Metallplatten aus dem Mittelalter gefunden. Die älteste der Münzen stammt aus der Zeit Håkon Håkonssons (1217-63), die anderen aus dem 14. Jahrhundert.

Die Ausgrabungen 1969 gingen nur bis auf den Boden der alten Kirche hinunter, der darunterliegende Grund kann also durchaus noch Geheimnisse verbergen, z.B. Informationen über die grösse und Bauweise der Stabkirche.

Bis jetzt sind die Bauteile nicht von Wissenschaftlern untersucht worden, um etwas über die Konstruktion der Kirche herauszufinden. 1998 werden sich Forscher mit der Volbu Stabkirche befassen, also kann man sich bald Antworten auf einige Fragen erhoffen.

Die Stabkirche wurde wahrscheinlich kurz vor 1830 abgerissen. Protokolle von verschiedenen Bischofsbesuchen 1820-30, erzählen von wiederholten Aufforderungen an die Kirchengemeinde, endlich die Kirche instandzusetzen. Schliesslich wurde ein Ultimatum gesetzt; entweder die Kirche instandsetzen oder die ganze Kirchengemeinde würde nach Rogne (dem Nachbarort) verlegt werden. Offensichtlich war die alte Kirche in so einem schlechten Zustand, dass man sich für einen Neubau entschieden hat.

Die alte Kirche lebt aber weiter als Teil des neuen Gotteshauses.

Wie jede andere Mittelalterkirche, war auch die Kirche von Volbu einem Heiligen gewidmet. Die Volbu Kirche war, neben der Stabkirche von Skåbu, als einzige in Norwegen dem Heiligen Blasius gewidmet. Blasius ist der Heilige für Halskranke, und der Blasiustag ist am 3. Februar.

Das Antemensale (Altarvorstück) der alten Kirche zeigt den Heiligen Blasius. Dieses Antemensale befindet sich heute noch in der neuen Kirche in Volbu.